

# KYRKJEBLAD

53. årg.

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 4/99

Les i  
kyrkjebladet

**Ein onsdagskveld i juni  
inviterte dei to  
sokneråda i  
Eksingedalen til  
konfirmanfest**

Les og sjå side 3.

**Les nytt frå kyrkjeverja**

Side 4 og 9.

**Nesheim kyrkje er vorte  
fornya både ute og inne  
det siste året.**

Les og sjå side 5.

**Årets konfirantar kan  
de sjå**

Side 6 og 7.

**Stoff frå farne tider finn  
de**

Side 8.

**Vassbakken-stemna vart  
skipa til 13. mai.**

Les og sjå side 9.

**I år vert det for fyrste  
gong skipa til OASE-  
stemne i Bergen.**

Les om det side 10.

## KLÅRT FOR NYTT DALASTEMNE

25. juli er det atter klart for nytt Dalastemne på fjellet mellom Eksingedalen og Modalen.

Fyrste Dalastemnet vart skipa til i 1942 etter oppmoding frå lærar Lars Bjørgo i Modalen. Etter nokre års pause vart det teke oppatt i fjor.

Så då er det altså berre å finna fram fjellstøvlane og ta turen til fjells denne søndagen i juli.

På biletet under ser me Siv Aina Gullbrå og Frode Kvamsøe under stemnet i fjor.

Les meir side 10.

Akrivfoto: Anne Margrete Eikefet



**STOFF TIL NESTE NR.**

må vera kome redaktøren i hende innan 4. august 1999.

Bladet kjem ut i veke 35 som byrjar med 30. august.

Ragnvald

**Samtale med presten**

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

**Kyrkjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 61 20

Fax 56 59 89 46

**Kontortid: Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30, onsdag kl. 10.30-13.30**

**Sokneprest Frode Kvamsøe**

Tlf. kontor 56 59 61 20

Tlf. privat 56 59 73 15

**Kapellan Bård-Egil Dyrhol**

Tlf. kontor og privat 56 59 70 88

Mobiltilf. 94 55 12 87

**Kyrkjeverje Svein Tøsse,**

Heradshuset 4. etasje

Tlf. kontor 56 59 44 54

Mobiltilf. 94 55 12 86

**KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 100,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.

Postgiro: 0808 57 23 4 73

Bankgiro: 3500.50.13 117

Bladstyrar:

Ragnvald Kringlebotten,

5724 Stanghelle. Tlf. 56 59 51 81.

Kasserar:

Elisabeth Dyrhol,

Vaksdalgarden 10, 5725 Vaksdal.

Tlf. 56 59 70 88

Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S, Boks 34

5604 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.

Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal,

Pb. 113, 5721 Dalekvam.

**NYTT****Alpha-kurset****I HAUST**

**Søker du eit fellesskap der du kan bli betre kjent med den kristne trua, få nye vener og samtala om dei viktige spørsmåla i livet ditt?**

Kan henda skulle du tenkja på å melda deg på **Alpha-kurset** som startar tysdag 28. september. Kurset går over 10 veker, ein tysdag i veka, og det er lagt inn ein week-end (fredag 5. og laurdag 6. november) utan overnatting.

Kurskveldane startar med felles kveldsmat, så kjem ein tale over tema for kvelden, og til sist er det samtale i grupper.

**Alpha-kurset** er ope for alle – uansett kva syn ein har på den kristne trua. Samlingane er i Dale bedehus, og det er prestane og representantar for Indremisjonen som har vore talarar.

Dale og Vaksdal sokneråd, Dale og Stanghelle Indremisjon står som arrangørar av kurset.

**Oppklaring**

Me seier oss leie for at me i kyrkjeblad nr. 3, side 7, diverre ikkje med namnet på dama på biletet. Namnet hennar er Elsa Fjæren, fødd Stavenes. Ho var søndagskulelærer på Sandvik i alle fall i 25 år.

Red.

**KYRKJESTADEN**

DALE 100 ÅR

Jubileumsskrift

Boka er innbunde, med mykje biletstoff både i svart/kvit og i fargar og er til sals for:

kr. 100,-

hjá Petersen & Ypsøy og på Kyrkjekontoret.

Boka kan tingast frå Kyrkjekontoret, Boks 113, 5280 Dalekvam .  
Tlf. 56 59 61 20

**Konkurransen**

Vinnarane av Dale sokneråd sin konkurranse under Daledagane 1999 vart:

1. **Randi Kydland**, Stamnes, som fekk gavekort hjå Petersen & Ypsøy AS på kr. 200,-.
2. **Martha Bjørsvik**, Vaksdal
3. **Berit Vassenden**, Stamnes.

Dei to siste fekk kvar sitt eksemplar av jubileumsboka om Dale som kyrkjestad.

Me grautlerer vinnarane som har fått premiane sine.

**KIRKENS  
SOS  
DØGNOPE  
815 33 300**

## KONFIRMANTFEST I EKSINGEDALEN

Grillfest som avslutning av konfirmanttida vart konfirmantane i Eksingedalen inviterte til av dei to sokneråda i dalen. Ein onsdagskveld i juni var dei samla saman med foreldre og sysken. Då det ikkje var ein slik fest for konfirmantane i fjor, inviterte sokneråda like godt dei og til denne festen.

Vertane hadde laga skuleplassen på Bergo om til festlokale, og utanom grillinga var programmet lekjar, konkurransar og andakt. Etter ynskje frå ungdomen, vart kvelden avslutta med ein runde brentball.



Mette og nøgde ungdomar som ventar på neste programinnslag. Frå venstre Stian Haugen Andersen, Åsmund Lavik, Maria Lavik, Linda Fjellanger og Elin Gullbrå.

Foto: Frode Kvamsøe

## Nytt konfirmantopplegg

Frå og med komande skuleår vil konfirmantundervisninga i Eksingedalen strekkje seg over to år. Ledige dagar i skuleruta vert nytta til å samle konfirmantane i heile dagsøker, anten på skulen eller i ei av kyrkjene. Det er rett nok berre det året dei går i 9. klasse dei er "ekte" konfirmantar, men ved å gjere det på dette viset, vert dei ei større gruppe enn elles, noko som mellom anna gjer det lettare å variere i arbeidsformer.



Sokneråda i Eksingedalen samarbeidde godt om denne festen. Frå venstre Albert Gullbrå (Nesheim sokneråd) og Asbjørn Lavik (Eksingedalen sokneråd), saman med ei svart karbonade som truleg ikkje vart servert.

Foto: Frode Kvamsøe

## Stor pågang til kyrkjekontoret etter kunnngjeringa om Vaksdal kyrkjegard.

Kunnngjeringa om sletting av graver på Vaksdal kyrkjegard har ført til at mange tek kontakt med underteikna. Eg set stor pris på dette, av di det hjelper meg i arbeidet. I nokre høve får eg nye opplysningar om kven som er festarar, og andre gonger innspel til kva som kan gjerast for å leggja tilhøva til rette for dei som ferdist på kyrkjegarden. Nokre spørsmål går att, og det kan difor vere greitt å skriva litt om dei.

### Forlenging av feste

Det er høve til å søkje om å få behalde ei gamal grav. Kyrkjegardsvedtektene seier at ein må søkja til kyrkjeleg fellesråd v/ kyrkjevevja om å få forlenga festetida etter at ei grav er 70 år. Ein vil i så fall kunne få festa den i 10 år til, om grunngjevinga er god. Her er det fleire ting eg vil leggje vekt på når søknaden ligg føre. Grava må vera stelt og ha gravminne i god stand, det må gjerne vere planar for kven som skal nytta grava ved ny gravlegging, eller ein kan ha lova å stelle grava for ei viss tid.

### Avtale om stell av grav

Det er innført ei ordning som gjer at ein kan tinga stell av grav mot betaling. Det kan lagast avtale for eit år om gongen, eller ein kan setje av ein sum til gravstell for ein lengre periode.

Det har etter kvart vorte aukande interesse for det siste, av fleire grunnar. I nokre høve har slektningane flytta frå kommunen, og ynskjer at ei eller fleire graver skal verte stelte. Andre gonger vert det sett av midlar i buet etter den avlidne, anten av eige eller slektningane sitt ynskje, som skal dekkje stell av grava for 10-20 år framover. I så fall vert det sett inn eit beløp på ein konto i Sparebank1 Vest, som kyrkjevevja disponerar etter nærare avtale med den som står som bustyrar eller festar av grava.

### Om kransar og blomar under gravferda

Mange spør om kva som er praksis når det gjeld pynting etter grav-

ferda med blomar og kransar som fylgjer kista. Me har etter kvart innført ein regel som går ut på at alle blomar og kransar som vert lagt i grava under seremonien vert verande nede i grava. Kransar eller blomar som vert lagt på kanten av grava vil verte lagt oppå bakken til pynt etter at grava er oppfylt. I nokre høve ynskjer pårørande å henta opp at ein krans som dei vil pynta grava med, og får hjelp til det, men regelen vert slik:

Kransar og blomar som fylgjer kista ned skal liggja der slik at kyrkjegardsarbeidarane ikkje treng klatra ned i grava etter dei, eller stå på kanten og fiska opp kransar etter at seremonien er over.

### Jamning og tilsåing

Det går alltid ei stund etter ei gravferd før jordmassane har sett seg, og grava kan jamnast og såast i. Kvaliteten på jorda varierar, men er jamt over dårleg på kyrkjegardane våre.

I plantefeltet framfor gravminnet må ein difor nytta blomsterjord om ein skal få noko til å vekse. På delar av kyrkjegardane der det er mykje graving vil me difor venta til heile rekkjer er fyllte opp, og arbeida opp ny plen. Somme stader må gravminna rettast opp eller løftast, og dette er eit tidkrevjande arbeid. Eg ynskjer å få dette gjort på ein del av Vaksdal kyrkjegard, i samband med slettinga av gravene i felt A. Jamninga vil verte kunnngjort i Vaksdal posten, av di gravminna kjem til å verte fjerna ein kort periode. Dei som har plantar som ein ynskjer å ta ekstra godt vare

på, vil verte oppmoda om å ta kontakt med meg. Elles vil me ta vare på plantar og gravminner så godt det let seg gjera i "anleggsperioden".

Svein Tøsse, kyrkjevevje



DEN NORSKE KYRKJA  
Vaksdal kyrkjelege fellesråd

### Kunnngjering Vaksdal kyrkjegard

*Det vil sommaren 1999 verte sletta ein del graver på Vaksdal kyrkjegard for å gje plass til ny gravlegging. I fyrste omgang gjeld dette graver som er eldre enn 70 år i felt A. Gravmonument, innrammingar, og gravminner som er øydelagde eller utan namn vert fjerna dersom dei pårørande ikkje har henta det innan 1.11.99. På feltet er det graver av nyare dato. Gravminna for desse kan verte sett til sides mellombels ved jamning av feltet.*

*Etter §3 i Vedtekter for kyrkjegardane i Vaksdal kommune kan graver festast for inntil 10 år om gongen mot betaling av avgift. Når det er gått 70 år etter gravlegging kan festet ikkje fornyast utan særskild samtykke frå kyrkjeleg fellesråd.*

**Nærare opplysningar får ein ved å ta kontakt med kyrkjevevja i Vaksdal, tlf. 56 59 44 54, frå kl 0900 til kl 14 00.**

## Fellesrådet på synfaring

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd har ansvaret for drift og vedlikehald av kyrkjene og gravplassane i prestegjeldet. Somme av møta vert difor lagt til dei ulike kyrkjene. I år har rådet vitja Eidsland, Dale, Vaksdal og Eksingedalen kyrkjer og gravplassar, i tillegg til Stanghelle gravplass.

På biletet til høgre ser me frå synfaringa på gravplassen på Flatekval, i samband med eit reiskaps- hus som skal reisast. Frå venstre: ordførar Otto Berg, Haldis Fjellanger, Ingrid Leiren, Tove Margrethe Nordmark, kyrkjeverje Svein Tøsse og Roald Brekke.

Foto: Frode Kvamsøe



Kjøkken og større sakresti i Nesheim kyrkje.

Foto: Frode Kvamsøe



Nesheim kyrkje, sett frå vegen ned frå Nesheimsfjellet.

Foto: Frode Kvamsøe

## Nytt om Nesheim kyrkje

Nesheim kyrkje har vorte fornya både utvendes og innvendes det siste året. I fjor sommar vart ho måla utvendes, og seinhaustes vart sakristiet bygd om.

Tidlegare har det vore eit lite prestesakristi med skåp og vask i tillegg til dåpssakristi/ møterom. No er det fjerna ein vegg, og sett inn eit tekjoken. På dette viset er det no plass til fleire menneske i sakristiet enn før, og det er lettare å lage til kyrkjekaffi eller anna servering. Grunneigarlaget i Eksingedalen har løyvd pengar til møblar i sakristiet, som vert kjøpt inn med det første. Samstundes med ombyggjinga vart det eine toalettet i kjellaren gjort om til vaskerom, der og ein ny og større varmtvannsberedar er plassert.

Den siste fornyinga er eit piano. Soknerådet valde å nytta resten av pengane i orgelfondet til piano i kyrkjerommet. Dette gjev høve til å variere i musikkformen både i gudstenester og andre samlingar. Orgelfondet skriv seg frå 1986 då det vart kjøpt inn nytt orgel. Soknet skulle stå for 1/3 av utgiftene. I soknet vart det gjeve så mykje at det vart ein rest, og denne resten vart sett på eigen bankkonto. Det er av desse pengane det no er kjøpt piano, til ein sum av kr. 28.500.



### Konfirmantar i Dale kyrkje 2. mai 1999.

- 1 rekke fv. Monica Takvam, Karianne Kallestad, sokneprest Frode Kvamsøe, Ingunn Brekke, Ingrid-Lene Dale.  
 2. rekke fv. Trine Olsnes, Katrine Hesjedal, Meline Heimdal Haugland, Monica Meland Sigurdson, Erlend Bakke Johannessen, Ole Andreas Dale, Trond Arild Klever, Olav Morten Takvam.  
 3. rekke fv: Elizabeth Berg Bjtovteit, Turid Boge, Ole Anders Brekkhus, Daniel Verpelstad, Remi André Holme, Stine Blålid, Karoline Vik Hegge, Silje Bruvik, Elin Merethe Terjesen.  
 4. rekke fv. Katarina Meland Strømsheim, Agnetha Døssland Olsen, Lene Andreassen, Odd Inge Thorkildsen.

Foto: Fotograf Løtvedt



### Konfirmantar i Vaksdal kyrkje 2. mai 1999.

1. rekke fv. Stine Njåstad, Therese Tysnes, kapellan Bård-Egil Dyrhol, Liv Nordmark, Kristine Faugstad.  
 2. rekke fv. Christian Arnesen, Anette Hisdal, Martin Sandboe, Dan Soltvedt, Ronny Eliassen, Bent Are Hansen, Tommy O. Fanebust.  
 3. rekke fv. Glenn André Birkeland, Steinar André Audestad, Roger Bruvik, Kim Roger Kjøndal.

Foto: Fotograf Løtvedt



### Konfirmantar i Stamnes kyrkje 9. mai 1999.

1. rekke fv. Isabell Andreassen, kapellan Bård-Egil Dyrhol, Jorunn Alice Gammersvik.  
 2. rekke fv. Margot Helene Rossvold, Hege Stamnesfet, Kristine Kulshamar, Klara Signy Vik, Mona Christin Toskedal.  
 3. rekke fv. Jon Olav Stamnes, Tom Harald Eilertsen, Bjørn Are Stamnes, Morten Vatle Lilletvedt.


Foto: Fotograf Løtvedt



### Konfirmantar i Eidsland kapell 25. april 1999.

1. rekke fv. Line Eide Vik, Caroline Myster.  
 2. rekke fv. Vegard Neset, sokneprest Frode Kvamsøe, Anders Nordheim.

Foto: Hege Eide Vik



### Konfirmantar i Nesheim kyrkje 30. mai 1999.

- Fv. Maria Lavik, kapellan Bård-Egil Dyrhol, Stian Haugen Andersen, Elin Gullbrå.

Foto: Rune Lavik

## Frå farne tider

Denne gongen tek me med litt frå juni/juli nummeret i 1981.

### Bergsdalen

Bergsdalen kyrkje var 25 år i 1980 og fekk då ei gåve på 2000 kroner frå fru Laura Kjelsberg Sæthre, eigar av garden Solbjørg i Bergsdalen. I samarbeid med fru Sæthre fekk soknerådet laga 2 sjuarma ljosestakar i smijern. Arbeidet med ljosestakane vart utført av Tor Håvard Brekke, som har sine slektsrøter i Bergsdalen. Han var på den tid elev ved Voss kunsthåndverksskule.

På bilet til høgre ser me Dale Ten-sing som song under konfirmantfesten på Dale 15. mai 1981.



## 305 UNDER- SKRIFTER FRÅ VAKSDAL TIL KØLN

Underskriftsaksjonen "Slett Ulandsgjelda" er no avslutta, og frå Vaksdal kommune gjekk 305 underskrifter til G8-møtet i Køl'n i juni, saman med omlag 50.000 andre underskrifter frå Noreg, og omlag 8 millionar frå heile verda.

Dei norske underskriftene vart overleverte til leiaren i Utanrikskomitéen den 16. juni. Då vart det danna ei menneskeleg lekkje



rundt Stortinget før overleveringa, etterpå var det mellom anna appell og kulturinnslag.

Over 40 personar frå Noreg reiste til G8 – møtet i Køl'n, og danna saman med 100.000 andre ei menneskeleg lekkje rundt staden der møtet var, før listene vart overleverte.

Målet for aksjonen er at gjeldslekkja, som hindrar utvikling i den fattige landa, vert broten. Underskrivarane bad dei rike landa sletta gjelda til dei fattige landa, slik at dei kan nytta si verdiskaping til utvikling av til dømes demokrati, skule- og helsevesen.

## Fjellvandrings- leir

3. – 5. september vert det fjellvandringsleir på Småbrekke i Bergsdalen.

**Alder:**  
Ferdig med ungdomsskulen.

For informasjon om pris og påmelding ring eller skriv til:

**Norges Samemisjon,  
Sparebankgt. 4 A,  
5017 Bergen.  
Tlf. 55 31 65 06**



## Vassbakken-stemna

Kristi Himmelfartsdag, 13. mai, var me tradisjonen tru samla til stemne på Vassbakken i Vik. Det var eit strålande ver, men litt kald vind.

Vernelaget for Hesjedalsvassdraget hadde sytt for å få på plass nye benker, som var laga av tømmerstokkar som var delt i to. Ein ny talarstol, som også fekk fungera som alter, var også på plass. Vernelaget hadde laga dette til eit seminar dei hadde i 1998.

Helen Lunde Stamnes sytte for trekkspelmusikk til salmane, og speidarar frå Stamnes deltok med klokkeklang og tekstlesing. Frode Kvamsøe forretta.

Etter gudstenesta var det tid for matøkt og drøs, før ein hadde aktivitetar som avslutning på Vassbakkenstemnet 1999.

Ragnvald Kringlebotten



Julian Ressel, til høgre, kom heilt frå Kirkwall på Orkenøyane til Vassbakken, her sit han saman med Sigrid og Eidrun S. Normann.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



Her er leiken på Vassbakken i full gang. Mon tru kva dei driv på med?

Foto: Ragnvald Kringlebotten

## Visste du at.....

Alle gravminner som vert sett opp på kyrkjegardane våre skal vera godkjente av Vaksdal kyrkjeleg fellelsråd?

Regelen er ikkje ny, men innskjerpa i forskrifter til gravferdsloven Kap.III "Gravminner". Forskriftene set krav til storleik, vekt og tekst på gravminna, samt plassering. Underteikna har ansvaret for at reglane vert fylgde, og kan påleggje fjerning av gravminner som ikkje er innanfor krava. Som kjøpar av gravminne må du difor få stadfesta at leverandøren er godkjent. Liste over godkjente leverandørar vil stå i kyrkjebladet i kvart nummer.

Det vart i vinter teke kontakt med 20 gravminnelverandørar i regionen. Mange har enno ikkje svart på henvendelsen.

Dersom ein ynskjer ein naturstein må ein vere merksam på at steinen må vere under 300 kg, og skal setjast på sokkel, slik at den kan flyttast av kyrkjegardsarbeidarane. Betongsåle og liknande kan ikkje nyttast.

Svein Tøsse, kyrkjeverje

Desse leverandørane er godkjende for levering av gravminner i katalogen som er innanfor krava i for skriftene. Dei fleste leverandørane har lokale kontaktpersonar.

Åsane stein AS  
Sætre steinindustri AS  
Kjøl Steinindustri  
Øien steinhuggeri  
Brødrene Strand Stenhuggeri AS

Alle andre leverandørar pliktar å søkje om godkjenning for kvart einskild gravminne fram til at katalogen er godkjent. Godkjenning i andre kommunar gjev ikkje automatisk godkjenning i Vaksdal.

## OASE I BERGENS-HALLEN I SOMMAR!

Den Norske Kyrkja sitt storstemne blir arrangert for fyrste gong i Bergen denne sommaren.

OASE er ei stifting innan Den Norske Kyrkja som arbeidar for åndeleg fornying, utrustning og misjon.

Forutan sommarstemnet, arrangerer OASE også mindre regionale Oase-møte gjennom heile året. Mange kjende talarar vert med: Arild Edwardsen, sokneprest Jan Terje Hansen, Knut Ytterdal og biskop Ole D. Hagesæther. Av utanlandske gjestetalarar: Biskop Graham Dow frå London. Han er invitert fordi han målber på ein særleg truverdig måte ein bodskap om Jesu frigjerande og lækjande teneste. Leiar av den anglikanske ungdomskyrkjelyden Soul Survivor, Mike Pilavachi, blir med fordi han har ein levande og utprøvd bodskap om dei unge sitt tilhøve til kyrkja.

Gjennom desse dagane vil du kunna delta i storfamiliemøte, føremiddagsmøte, seminar, kveldsmøte og det vil også bli høve til samtale og forbøn.

Her er nokre av seminartemaene:

1. Å leva i Guds leiing
2. Evangelisering og misjon
3. Diakoni – om å sjå, elska og forløysa det Gudskapte.
4. Guds formål med ditt daglege arbeid.

Det blir eigne opplegg for barna 4-6 år, juniorane 2.-7. kl., og tenåringar frå 13 år og oppover.

Ring og få tilsedt brosjyre på telefon: 22 11 43 90.



Velkommen til  
 • Familiestevnet  
**OASE '99**  
 "Bare Jesus"  
 20. - 25. juli  
 Bergenshallen

Brosjyre og informasjon:  
 Oase, Fredensborgvn. 7, 0177 Oslo  
 Tlf 22 11 43 90 Fax 22 11 43 90  
 oase.norge@online.no www.oase.no/



## Dalastemne 25. juli



Klart for nytt Dalastemne, her frå stemnet i fjor.

Arkivfoto: Anne Margrete Eikefet

Eksingedalen sokneråd og Mo sokneråd freistar på nytt å invitere til Dalastemne på fjellet mellom Eksingedalen og Modalen.

Den første dalastemna me har

skriftlege referat frå, var 19. juli 1942. Det var lærar i Modalen, Lars Bjørge, som gjorde opptaket til den første stemna. Han tok kontakt med Åsmund Lavik i Eksingedalen, og

saman fann dei ein høveleg plass ved Storvatnet, ved den gamle ferdavegen mellom Farestveit og Flatekval.

Det vert felles avgang frå Dalastova på Flatekval kl. 10.30, og stemna tek til kl. 12. Då er det gudsteneste ved kapellan Bård-Egil Dyrhol, før det vert matøkt og kan hende somme innslag. Kvar tek med mat og drikke til seg sjølv.

Det vert arbeidd med å gje høve til å ete middag i Dalastova når ein kjem ned frå fjellet att. Dei som ynskjer å vere med på dette frå Modalen, kan etterpå kome seg heim med ettermiddagsbussen til Mo. Nærare informasjon om dette får ein på oppslag og i postkassane i Eksingedalen, og ved å vende seg til Kyrkjekontoret for Vaksdal same veka.

Ved dårleg vèr vert det gudsteneste i Eksingedalen kyrkje kl. 12.

Alt i kjøkkeninnredning  
Bad- og skyvedørsgarderobe  
Snekkerverksted

**SNEKKER  
KJELL NYSTED**

56 59 74 72

Mobil: 948 45 074

## Trelast og byggevarer

**DALE TRELAST** a/s

Tlf. 56 59 66 90 Faks 56 59 68 70

Dalegården, 5722 Dalekvam



### PETERSEN & YPSØY AS

Bokhandel - Gåver - Kiosk - Tipping

Tlf. 56 59 61 58

Kontormateriell - Leiker - Hobby - Foto

i 2. høgda Dale Handelsforening

tlf. 56 59 79 80



MEDLEMSFORDELER



**kjøpeutbytte**

**DALE HANDELSFORENING**

avd. Dale 56 59 61 01

Avd. Stamnes 56 59 82 03

Avd. Stanghelle 56 59 50 35

Nye Dale  
**VERTSHUS**

**Boks 12, 5721 DALEKVAM**

Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snitter, koldtbord,  
middag og pizza til alle anledninger.

**joker**  
DALE

**K. Seim A/S.**

Boks 114,  
5721 Dalekvam

tlf. 56 59 62 23

Faks. 56 59 67 61

Dei smarte sparer tid & peng.  
Her kan du handle det du treng.

### Nå får du skadeforsikring i banken

Vi er ikke lenger bare banken din, vi er blitt forsikringselskapet ditt også. Det du finansierer hos oss skal du også få forsikret hos oss. Fra nå av kan du snakke med kundefrådgiveren i banken uansett om det gjelder bank eller forsikring.

Handler du raskt og forsikrer bilen din hos oss får du ikke bonustap ved første skade.

Enklere, bedre og mer praktisk skadeforsikring

**SpareBank 1 Vest**

Toppforsikrer du boligen din får du dessuten en trygghetsgaranti som gjør at alt du kjøper i løpet av det første året automatisk inkluderes i forsikringen.

Snakk med en kundefrådgiver i SpareBank 1 enten det gjelder forsikring av bil, båt, bolig, reise eller andre ting.



MEDLEMSFORDELER



**kjøpeutbytte**

**SAMVIRKELAGET**

**INDRE VESTLAND**

Avd. Vaksdal Senter tlf. 56 59 75 01

Avd. Eksingedalen Tlf. 56 59 58 20

**CAMILLA'S KRO**

\* SNITTAR 14,50

\* KOLDBORD

\* BEGRAVELSAR

\* HEIMELAGA MAT



**DALE FINA SENTER**

\* BENSIN

\* DAGLEGVARER

\* NISTEPAKKER

\* STØRST PÅ MUSIKK

Tlf. 56596736

**VI HAR GODE  
SOMMARPRODUKTER.**

Vi har propanutsal og  
Tilhengarutleige.

DALE AUTO SERVICE AS

Postboks A, 5280 Dalekvam  
Tlf. 56 59 66 35

Returadr.:

Vaksdal kyrkjeblad

Postboks 113, 5721 Dalekvam

12

VAKSDAL

## KYRKJEBLAD

PRESTEGJELD

### SLEKTERS GANG

#### DØYPT



#### DALE

28.04 Silje Bruvik  
16.05 Nikolai Breivik Johnsen  
16.05 Jonar Heimdal Dalseid  
13.06 Victoria Solveig Faugstad  
Risnes

13.06 Amalie Mehus Lie  
13.06 Markus Roe

#### BERGSDALEN


24.05 Silje Mykkeltvedt

#### VAKSDAL

23.05 Pål Kleven Hernes  
06.06 Svein Inge Kvinlog Beckstrøm  
06.06 Benedicte Kvam Utskott  
STAMNES

09.05 Charlotte Straume


24.05 Veslemøy Vågen Eilertsen



#### VIGDE

#### DALE

15.05 Anne Lise Helle og  
Torstein Mehus



#### AVLIDNE

#### DALE

28.04 Kate Rødberg, f.1920  
26.05 Magnar Gerhard Eide, f.1925  
27.05 Arnold Gustav Vågen, f.1929  
01.06 Edith Sääv, f.1909



#### VAKSDAL

04.05 John Ingolf Hanevik, f.1911  
29.05 Johannes Alexander Nilsen,  
f.1922


03.06 Agnes Sætre, f.1904

#### STAMNES

27.05 Magnhild Gammersvik, f.1916

#### EIDSLAND

15.05 Ingebjørg Nordheim, f.1910



### VELKOMEN TIL KYRKJE



#### 11.juli – 7.søndag etter pinse

STAMNES kl.11. Kvamsøe. Nattverd.

DALE kl.19. Kvamsøe.. Offer til Dale sokneråd.

#### 18.juli – 8.søndag etter pinse

VAKSDAL kl.11. Kvamsøe. Offer til Norges Kristelige Student- og skole- ungdomslag.

#### 25.juli – 9.søndag etter pinse

EKSINGEDALEN kl.12. Dala-stemne. Dyrhol.

DALE kl.19. Dyrhol. Nattverd. Offer til Nordhordland Indremisjon.

#### 1.august – 10.søndag etter pinse

VAKSDAL kl.11. Dyrhol. Nattverd.

STAMNES kl.18. Dyrhol. Nattverd.

#### 8.august – 11.søndag etter pinse

BERGSDALEN kl.11. Bergsdals-stemna. Dyrhol.

#### 15.august – 12.søndag etter pinse

DALE kl.11. Dyrhol. Offer til "For Livsrett og Menneskeverd."

#### 22.august – 13.søndag etter pinse

STAMNES kl.11. Kvamsøe. Nattverd.

VAKSDAL kl.19. Kvamsøe.

#### 29.august – 14.søndag etter pinse

NESHEIM kl.11. Kvamsøe.

DALE kl.18. Kvamsøe. Konfirmant-presentasjon. Offer til leirstaden Fagertun.

#### 5.september – 15.søndag etter pinse

VAKSDAL kl.11. Søndagsskulens dag.

N.A.Lavik. Offer til Bergen

Søndagsskulekrets.

EIDSLAND kl.18. Kvamsøe.

Konfirmantpresentasjon.

### VIKTIG MELDING!

Det er viktig at de ser etter i lokal-avisene og på plakatar for å kontrollere m.a. klokkeslett for gudstenestene.

### KILDEN

startar opp korøvingane

**fredag 27.august kl.18.00**

**i Vaksdal kyrkje**

Alle interesserte er velkomne

### VAKSDAL

### FAMILIEKOR

startar opp med øving

**torsdag 26.august kl.17.30**

**i Dale bedehus.**